



Frank Hopland
Dalstøvegen 53
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1680 - 15/13913

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
07.07.2015

Retting av matrikkelgrenser GBNR 21/13

Meland kommune har fått inn krav om retting av grenser i matrikkelkartet for gnr. 21 bnr.13. Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart- eller oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser, eller manglar i kartet. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkellova §26.

Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

- Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera dei med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikkelkartet.
- Dersom retting av grense ikkje let seg gjennomføra må partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dette er den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart, eventuelt nymerka og målt på ein etterviseleg måte. Slik forretning må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at slik retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggande som usikker/ umålt grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis stå fram som meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte/ jordskifte og merka i marka som gjeld.

Denne saka:

I denne saka er det grensa til 21/ 13, som er søkt retta. Eigar av tilgrensande naboeigedom 21/4 har samtykka i rettinga. Framlegg til retting er samanfallande med steingardar og etablert situasjon med murar rundt eigedommen. Storleiken på eigedommen samsvarar også med måla oppgitt i skyldskiftet for eigedommen. Då retting av denne grensa også fører med seg at grensene mot dei

andre tilgrensande eigedommane må rettast, må desse også få høve til å uttala seg før rettinga vert utført. Dette gjeld 20/3 og kommunal veggrunn 20/44 og 21/108.

På vedlagte kart er framlegg til rette grenser teikna inn med blå strek, medan dei raude linjene er eigedomsgrensene slik dei ligg i matrikkelen i dag.

Avstandane som er påført kartet er dei som kjem fram av skyldskifta. Ein gjer merksam på at desse måla er terrengmål/ skråmål og at horisontale avstandar i kartet ofte avvik frå desse- dvs at dei horisontale måla vert kortare dess brattare terrenget er.

Dersom de ikkje er samde i at denne rettinga vert utført, bed ein om at de kjem med skriftleg tilbakemelding innan 3 veker frå de mottek dette brevet.

Dersom det ikkje kjem inn motførestillingar til framlegget, vert matrikkelgrensa endra i samsvar med dette. Underretting om retting av grenser vert sendt til dei det gjeld etter at rettinga er utført.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

21_13Framlegg til retting

Mottakere:

Frank Hopland	Dalstøvegen 53	5918	FREKHAUG
Gro og Arne Dale Dalland	Øvredalsvegen 92	5918	FREKHAUG
Jeanett Svalland Aakre og Christer Nygård Dale	Øvredalsvegen 10	5918	FREKHAUG
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG